

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 03.12.2020
SAKSHANDSAMAR: Sjur Olav Sandal, Joar Halbrend og Øystein Helleseth
SAKA GJELD: **Investeringsbudsjett 2021 - Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2020/8905

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
18.12.2020

STYRESAK:
079/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtek følgjande investeringsbudsjett for 2020:

| Investeringsbudsjett 2021 (tal i tusen kroner) | Budsjett 2021 |
|--|--------------------------------|
| Brannsikring HF | 1 000 |
| Byggteknisk infrastruktur | 11 600 |
| Arealplan Lærdal | 7 000 |
| Nye Førde sjukehus | 258 500 |
| Sum | 278 100 |
| Medisinteknisk utstyr (MTU) | 25 000 |
| IKT | 2 700 |
| Ambulansar | 12 300 |
| Sum MTU og andre investeringar | 40 000 |
| Sum investeringar | 318 100 |

2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere mindre tilpassingar innanfor investeringsbudsjettet si ramme. Administrerande direktør rapporterer til styret tilpassingar som er gjort sidan førre evaluering av investeringsplan.
3. Avtale om kontrakt for bygging av Livabygget, i prosjekt Nye Førde sjukehus, skal handterast som eiga sak i styret.
4. Styret ber administrerande direktør legge fram 5-årig investeringsplan til styremøtet, i mai 2021.

Oppsummering

Administrerende direktør har tatt utgangspunkt i vedteke økonomiske langtidsplan (ØLP) ved utarbeiding av budsjett for 2021. Foreslege investeringsbudsjett for 2021 er på 318,1 millionar, medan langtidsbudsjettet la opp til å løyve 417,2 millionar. Redusert behov skriv seg frå lågare finansieringsbehov til prosjekt Nye Førde sjukehus i åra 2020 og 2021.

Dette er likevel ein auke i foreslått investeringsramme for 2021 samanlikna med ØLP. Bakgrunnen for dette er at prognosen for 2020 viser eit resultat som er vesentleg betre enn budsjett. Samanlikna med ØLP er ramma for medisinsk teknisk utstyr auka med 13 millionar, IKT med 1,0 million og ambulanse med 2,3 millionar.

Hovudsatsinga i 2021 er Nye Førde sjukehus (NFS) med mellom anna byggestart for Livabygget, ferdigstilling av Dagabygget, flaumvern og nytt vegkryss ved FSS. I tillegg er det løyvd midlar til arealplan Lærdal sjukehus. Utover investeringar til bygg er det i sett av midlar til medisinteknisk utstyr, IKT infrastruktur og til nye ambulansar.

Finansiering

Kontantstraum frå drifta gjev følgjande investeringsramme for 2021:

| Kontantstraum til å dekke investeringar: (Beløp i heile tusen kroner) | Prognose 2020 | Budsjett 2021 |
|--|--------------------------|--------------------------|
| Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget | 100 000 | 34 000 |
| + Avskrivning / Nedskrivningar | 95 000 | 82 500 |
| = Kontantstraum fra drift | 195 000 | 116 500 |
| - Avdrag lån | -11 370 | -13 847 |
| - Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT | -15 142 | -9 079 |
| +/- Likviditet frå førre år * | 41 224 | 43 582 |
| +/- Likviditet overført til neste år | -43 582 | -20 000 |
| = Kontantstraum til finansiering av investeringar | 166 130 | 117 156 |
| + Låneopptak NFS | 174 410 | 165 000 |
| +/- Meir /Mindreforbruk av låneopptak NFS | -40 | 14 340 |
| + Påløpte byggelånsrenter | 7 900 | 2 300 |
| + Avtale om bruk av finansieringsevne frå Helse Vest | 0 | 19 304 |
| Finansieringsgrunnlag investeringar | 348 400 | 318 100 |

Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT kjem som følge av Helse Førde sin del av vedtekne felles prosjekt i Helse Vest.

Disponering

Med bakgrunn i disponibel investeringsramme vil administrerende direktør gjøre følgende prioritering for 2021:

| Investeringsbudsjett 2021 (tal i tusen kroner) | Vedteke budsjett 2020 | Endringer gjennom året | Revidert budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|--|------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|----------------------|
| Brannsikring HF | 1 000 | 0 | 1 000 | 1 000 |
| Byggteknisk infrastruktur | 10 100 | 2 000 | 12 100 | 11 600 |
| Arealplan Lærdal | 6 700 | 0 | 6 700 | 7 000 |
| Nye Førde sjukehus | 257 000 | 0 | 257 000 | 258 500 |
| Sum | 274 800 | 2 000 | 276 800 | 278 100 |
| Medisinteknisk utstyr (MTU) | 20 000 | 37 600 | 57 600 | 25 000 |
| IKT | 4 000 | 0 | 4 000 | 2 700 |
| Ambulansar | 10 000 | 0 | 10 000 | 12 300 |
| Sum MTU og andre investeringar | 34 000 | 37 600 | 71 600 | 40 000 |
| Sum investeringar | 308 800 | 39 600 | 348 400 | 318 100 |

Budsjettauken gjennom 2020 er knytt til kjøp av ny MR-maskin og investeringar i samband med pandemien. Det er kjøpt naudsynt medisinsk-teknisk utstyr som respiratorar og analysemaskiner, i tillegg er det løyvd midlar til byggtekniske utbetringar.

Bygg og teknisk drift

Nye Førde sjukehus (NFS)

NFS prosjektet omfattar både bygg og medisinsk-teknisk utstyr. For 2021 er løyvinga i hovudsak tenkt brukt til planlegging og til å starte bygginga av Livabygget. Livabygget er eit nybygg for somatikk i 8. etasjar, bygget skal romme lokale for operasjon, sterilsentral, sengepostar med einerom, og spesialrom for poliklinikk. I tillegg til Livabygget ligg det inne midlar til å starte ombygging av Svanabygget (lågblokk), for seinare å kunne kople Livabygget saman med Svanabygget. I budsjett er det og sett av midlar til å ferdigstille både Dagabygget og flaumvernet, samt ombygging av vegkryss mot syd (ambulanssekrysset).

Byggteknisk infrastruktur og brannsikring

Innan byggteknisk infrastruktur ønskjer vi mellom anna å rehabilitere lokala til patologisk laboratorium og til medisinsk-teknisk avdeling, samt halde fram med brannsikringstiltaka. Elles er det sett av midlar til naudsynt sterilteknisk utstyr, kjøling på laboratoriet ved FSS, og til ny oppvaskmaskin på kjøkkenet ved Nordfjord sjukehus. I Lærdal ønskjer vi å utvide kjølinga på eit av dei sentrale ventilasjonsanlegga, tiltaket vil være svært positivt for inn klimaet.

Arealplan LSH (Lærdal sjukehus)

Arealplan Lærdal har i 2020 ferdigstilt ny dialyseavdeling ved LSH. I det vidare arbeidet ønskjer vi å starte med plan 0, med utviding av sengesentral/herregarderobe og utbetringar

for fysikalsk avdeling. På kjøkkenet vil vi etablere rein og urein sone, tiltaket vil lukke eldre avvik. Vidare vil areal for varemottaket få betre løysingar. Vi ser og på endringar for arealet til legevakta, som ønskjer å samle all aktivitet i plan 1. Flytting av kirurgisk poliklinikk vil vere nødvendig. Midlane som er sett av i 2021 vil og gå til utbetring av kritiske tekniske anlegg. Arealplanen skal vere ferdigstilt i 2021.

Medisin teknisk utstyr

Prioriteringane for 2021 vert gjort i samråd med medisinsk og kirurgisk klinikk med fokus på betre pasientbehandling, teknisk tilstand, rasjonell drift samt datafangst og digitalisering. Vi ønskjer løysingar som forenkler arbeidskvardagen til tilsette og som er gode for pasientane. Bruk av dei ordinære investeringsmidlane vert koordinert med prioriteringane i prosjekt NFS. Analysemaskiner og ortopedisk utstyr er mellom utstyret som vert prioritert i 2021.

Styret vedtok 26. oktober kjøp av ny MR, ein 3 Tesla, ved FSS. Anskaffinga er eit stort prosjekt som inneber byggtekniske endringar. Det er sett i verk arbeid for å sikre straumforsyninga til den nye maskina.

Ambulansar

Ambulansetenesta har 34 bilar i operativ teneste, i tillegg til reservebilar og nokre administrasjonsbilar. I år er det kome det på plass nye nasjonale rammeavtaler for ambulansebilar. Juridiske avklaringar etterfølgd av Korona-epidemien har ført til forseinka leveranse på bilane. Det er no 13 ambulansebilar i ordre, og dei første bilane vil kome i drift først i andre kvartal i 2021. Innanfor ramme er det midlar til ytterlegare tre bilar.

Grunna forseinkingar med ny rammeavtale har bilane no fått relativt høg alder og høg kilometerstand. Gjennomsnittleg kilometerstand for operative ambulansar er per november 2020, 283 000 km, mot 244 000 km i fjor, og 202 000 i 2018.

I 2021 er det føreslege ei ekstra løyving til ambulanse på 2,3 millionar. Midlane er til utsyr som er nødvendig for å ta i bruk elektronisk journal i ambulansar, skjermar m.v.

Tilrådinga er basert alder og slitasje på materiellet, samt intensjonane om ein føreseieleg utskiftingsplan.

Prioritering IKT

Midlane til IKT vert brukt både til utstyr og til infrastruktur for å hente ut driftsmessige gevinstar frå dei store IKT investeringsprosjekta. Utbygging av trådløst nett, sikring av infrastruktur og utskifting av pasientsignalanlegg er hovudfokus i 2021.

Lokale IKT investeringar (tal i tusen kroner)

| | |
|------------------------|-------|
| IKT infrastruktur | 900 |
| IKT utstyr | 1 800 |
| Sum investeringar 2020 | 2 700 |

Helse Vest IKT

Den totale ramma for IKT-porteføljen i Helse Vest for 2021 er 485 millionar. Ved bruk av fordelingsnøkkel er Helse Førde sin del av investeringa som følgjer:

Regionale IKT investeringar (tal i tusen kroner)

| Namn | Helse Vest | Helse Førde |
|---|------------|-------------|
| Investering regionale prosjekt | 485 000 | 58 685 |
| - Midler frå Helse Vest RHF | -70 000 | -8 470 |
| Sum investeringar 2021 | | 50 215 |
| "Overført" frå 2020 | -35 000 | -4 235 |
| Investering HF-spesifikke prosjekt | 14 500 | 1 000 |
| - Avskrivningar frå regionale prosjekt | -219 911 | -26 609 |
| - Avskrivningar frå HF-spesifikke prosjekt | -82 393 | -11 292 |
| Behov for tilført likviditet Helse Vest IKT | 162 196 | 9 079 |
| Fordelingsnøkkel etter inntektsmodell | 100 % | 12,1 % |

Dei store programma med tilhøyrande prosjekt held fram i 2021, det gjeld programma HELIKS, Alle møter og LIBRA. I tillegg kjem kritiske leveransar til byggeprosjekta i Helse Vest og eit auka fokus på å betre brukaropplevinga av løysingar som er tekne i bruk.

Investeringsplan for Helse Førde 2021-2025

| Område | Investeringsområder (tal i millionar kroner) | | | | | | | Sum 5 år 2021-25 |
|--|---|-------|-------|-------|-------|-------|-------|---------------------|
| | | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | |
| Nybygg/ ombygging | Brannsikring HF | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 5,0 |
| | Bygg infrastruktur og funksjonsendring | 12,1 | 11,6 | 12,6 | 14,6 | 16,6 | 14,6 | 70,0 |
| | Arealplan LSH | 6,7 | 7,0 | 2,0 | | | | 9,0 |
| | Nye Førde sjukehus - bygg og inventar | 248,9 | 250,0 | 306,6 | 329,2 | 134,2 | 91,4 | 1 111,3 |
| | Nye Førde sjukehus - MTU | 0,2 | 6,2 | 22,8 | 26,3 | 11,7 | 13,8 | 80,8 |
| | Nye Førde sjukehus - renter byggelån | 7,9 | 2,3 | 8,8 | 14,4 | 4,7 | 6,9 | 37,1 |
| | Sum nybygg/ombyggingar | 276,8 | 278,1 | 353,7 | 385,5 | 168,2 | 127,7 | 1 313,2 |
| Medisin teknisk teknisk utstyr | MTU | 43,5 | 25,0 | 12,0 | 12,0 | 12,0 | 16,0 | 77,0 |
| | Korona MTU- nødvendig utstyr | 14,1 | - | | | | | 0,0 |
| | Sum medisin teknisk utstyr | 57,6 | 25,0 | 12,0 | 12,0 | 12,0 | 16,0 | 77,0 |
| IKT-investeringar | IKT infrastruktur | 2,9 | 0,9 | 0,9 | 0,9 | 0,9 | 0,9 | 4,5 |
| | IKT utstyr | 1,1 | 1,8 | 1,8 | 1,8 | 1,8 | 1,8 | 9,0 |
| | Sum IKT-investeringar | 4,0 | 2,7 | 2,7 | 2,7 | 2,7 | 2,7 | 13,5 |
| Andre investeringar | Ambulansar | 10,0 | 12,3 | 10,0 | 10,0 | 10,0 | 10,0 | 52,3 |
| | Sum andre investeringar | 10,0 | 12,3 | 10,0 | 10,0 | 10,0 | 10,0 | 52,3 |
| Sum investeringar | | 348,4 | 318,1 | 378,4 | 410,2 | 192,9 | 156,4 | 1 456,0 |
| Finansiering | | | | | | | | |
| Finansiering før NFS finansiering | | 166,1 | 117,6 | 82,7 | 107,4 | 100,1 | 104,8 | 512,6 |
| Lån NFS | | 174,4 | 179,3 | 230,6 | 248,8 | 102,1 | 73,6 | 834,4 |
| Lån NFS, renter byggelån | | 7,9 | 2,3 | 8,8 | 14,4 | 4,7 | 6,9 | 37,1 |
| Estemert behov for bæreevne frå Helse Vest | | - | 18,9 | 56,3 | 39,6 | -14,0 | -28,9 | 71,9 |
| Sum finansieringsevne | | 348,4 | 318,1 | 378,4 | 410,2 | 192,9 | 156,4 | 1 648,0 |

Administrerende direktør har lagt vedteke ØLP til grunn ved utarbeiding av budsjett for 2021. Budsjettet har ei ramme på 318,1 millionar. Prosjekt Nye Førde sjukehus vart starta opp i 2017 og vi vil trenge bereevne, men ikkje likviditet, frå Helse Vest RHF i åra 2019 til 2023 for å dekke eigenfinansieringa i prosjektet. Bereevna vert dekkja inn av Helse Førde i åra 2024 til 2026.